

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 2
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Kommunestyret	
24. 05. 2016	
Arkivnummer 16/1255	Stempel

Sætre 20.05.2016

Viser til brev av 04.05.2016 frå Lindås kommune byggesaksavdelinga.
Svarer no på punkt 1 og 2 i brevet, eg går ikkje inn på punkt 3 i denne omgang.
Meiner at boligen i dag er heilårsbolig, den er ikkje naust, sjølv om det ikkje har budd folk der på mange år.

I kopi av brev frå møteboka 12.02.1987 synest eg det er merkeleg at det ikkje er opplyst at "naustet" var heilårsbolig då det vart brukt som det fram til august 1981. Det gjer nok all usikkerheit rundt denne registreringa.

Anna og Anders Hauge overtok garden som fekk navnet Nesheim nov. 1939. Dei budde i boligen som har kjeller og naust i underetasjen, dette vart hovedhuset på garden.
Anna døydde i 1950. Mor til Anders, som var mi bestemor, budde og der dei siste åra ho levde.
Anders budde der til han døydde 15.08.1981.
Huset har alltid i daglegtale vorte kalla "naustet", sjølv om det vart brukt som heilårsbustad i over 40 år.

Legg ved teikning av ny/gamal situasjon for plan snitt og fasade.
Frå naust og kjellarinnegang går det trapp opp mot austsida av huset (den viser på både ny og gamal situasjon) her er det hellelagt og plant til inngangsdør. Ca 1.20 m aust for inngangsdør går det trapp opp til terreng.

Ser at det ofte vert brukt 29/7 Hauge om garden, men rett navn er 29/7 Nesheim. Adresse og vegnr. er Mykingvegen 765.

Eg kjenner ikkje til kvifor kommunen ikkje har registrert boligen som heilårsbolig, då det har budd folk der i mange år.

Frå juni 2015 har eg vore eigar åleine. Då eg overtok var det under føresetnad av at eg skulle setja "naustet" i stand, og at det skulle vera fritidsbustad. Eg viser til avkryssing i dei siste skjøyta.

Med helsing
Jorun Sætre
Hellandsvegen 268
5936 Manger

Jorun Sætre

12 vedlegg: Teikning gamal situasjon

Teikning ny situasjon

Kart som viser bustad

Foto ute

Foto inne

Skøyte: 29.11.1939

27.06.2006

16.11.2006

27.05.2014

27.06.2015

Dødsattest Anders Hauge

Del av prospekt